

BRUKARREGLEMENT FOR TOKKEHALLEN

1. LEIGE/LÅN AV TOKKEHALLEN

- 1.1. Søknad om leige/lån av idrettshallen skal rettast til kulturetaten v/ungdoms- og idrettsleiaren. Vaktmeistar/tilsynsvakt kan gje enkeltløyve til lån av ledige rom i hallen til møte, kurs og organisert aktivitet/trening.
- 1.2. Leige/lån av lokale i idrettshallen inkluderer garderobe med dusj, oppvarming, ljøs, reinhald og vanleg vaktmeistartilsyn. Sjå "Reglar for leige av Tokkehallen".
- 1.3. Vaktmeistar/tilsynsvakt tildeler rom/garderobar.
- 1.4. Brukar av idrettshallen er sjølv ansvarleg for verdisaker, klede m.m. i garderobe og skogang.
- 1.5. Oppbevaringsboksar kan lånast av vaktmeistar/tilsynsvakt.

2. OPNINGSTID

- 2.1. Opningstida er frå kl. 1700 - 2200 på kvardagar. Elles vert opningstida etter avtale.

3 STYRKETRENINGSROMET

- 3.1. Vaktmeistar/tilsynsvakt opnar romet på førespurnad.
- 3.2. Romet er ope for alle **over 9. klasse**. Dei som er yngre må ha fylgje med leiar/trenar.
- 3.3. Instruksjonen for kvart apparat **må** fylgjast.
- 3.4. Vektlyftarutstyret er innelåst og blir bare opna for dei som kan dokumentere opplæring i å bruke slikt utstyr.

4. PUBLIKUM

- 4.1. Publikum har tilgjenge til idrettshallen ved tevlingar/tilskippingar. Elles bare etter avtale med vaktmeistar/tilsynsvakt.
- 4.2. Leiar /trenar for treningsparti kan gje tilgjenge for publikum; t.d. føresette, sysken eller særskilt interesserte.

5. SPESIELLE FORBOD

- 5.1. Det er forbode å:
 - 5.1.1. - bruke sko med solar som set merke eller striper i golvet.
 - 5.1.2. - gå med utesko i hallen, styrketreningsromet og garderobar.
 - 5.1.3. - gå med fotballske inne.
 - 5.1.4. - bruke krukkeklister.
 - 5.1.5. - røyke eller bruke rusmiddel.
- 5.2. Rusa personar har ikkje tilgjenge til idrettshallen.

6. BROTT PÅ BRUKARREGLEMENTET

- 6.1. Brot på reglementet vil, om tilsnakk ikkje nyttar, føre til utvising frå idrettshallen for kortare tid.
- 6.2. Ved alvorlege brott vil vedkomande person/treningsgruppe få skriftleg klage med kopi til kulturutvalet. Konsekvensen kan bli utvising for resten av semesteret.

6.3. Utvisinga kan klagast inn for kulturutvalet.

7. ØKONOMISK ANSVAR

7.1. Skade på materiell/utstyr p.g.a. uaktsom bruk, skal erstattast av den person/treningsgruppa som valdar skaden.

8. KRAV TIL BRUKARAR AV TOKKEHALLEN

8.1. Kwart treningsparti skal ha ein ansvarleg leiar over 18 år.

8.2. Ingen skal gå inn i garderoben eller andre rom før leiar/trenar er komen.

8.3. 15 min. før og etter treningstid er til rådvelde for skifting og dusjing.

8.4. Brukarane av idrettshallen må vera ute av hallen og sideroma seinast kl. 2200.

8.5. Utstyr skal nyttast med aktsemd og setjast attende på plass etter bruk.

8.6. Tid til opp-/nedrigging vert rekna som treningstid.

8.7. Bruk av eige utstyr skal godkjennast av vaktmeister/tilsynsvakt.

8.8. Eventuelle skader på materiell/utstyr skal snarast rapporterast til vaktmeister/tilsynsvakt.

9. KRAV TIL LEIAR

9.1. Leiar/trenar :

9.1.1. - er ansvarleg for at treningspartiet og eventuelt publikum som leiar/trenar har gjeve tilgjenge, fylgjer brukarreglementet.

9.1.2. - skal vere den siste som går frå lokala som er nytta og sjå etter at alt er i orden.

9.1.3. - har rett og plikt til å vise bort person(ar) som gong etter gong bryt brukarreglementet.
I særleg alvorlege tilfelle skal brot på reglementet rapporterast til vaktmeister/tilsynsvakt.

Vedteke i kusak 0025/97.